

Statuttar for fylkeskommunal miljøpris, vedteke i Fylkesutvalet 09.01.1992:

1. Fylkesutvalet kan årleg dela ut ein fylkeskommunal miljøpris. Prisen skal delast ut i første kvartal på følgjande år.
2. Prisen skal vera til heider og stimulans for enkeltpersonar, lag, organisasjonar, bedrifter m.v. frå Hordaland som har utmerka seg innanfor miljøvernarbeidet.
3. Prisen kan delast mellom fleire mottakarar. Fylkesutvalet kan vedta å ikkje dela ut prisen i einskilde år.
4. Det står alle fritt til å foreslå kandidatar til den fylkeskommunale miljøprisen. Tildelinga av miljøprisen skal kunngjørast i dagspressa med frist for å koma med forslag innan utgangen av februar påfølgjande år. Forslaga skal vere grunngjeve.
5. Prisen er på kr 50.000,-.
6. Statuttane for miljøprisen kan berre endrast etter vedtak i fylkesutvalet.
7. Prosjekt som mottar støtte for året, kan ikkje tildelast miljøprisen for same prosjekt i same år.

Etter politiske vedtak, er nokre av punkta i statuttane endra i løpet av dei tjue åra prisen har blitt delt ut.